



BEKYMRINGSMELDING OM VILKÅRA FOR KUNSTNERISK YTRINGSFRIDOM VED INSTITUTTET

UKS Vi i Unge Kunstneres Samfund (UKS) har motteke eit varsel om at eit verk er blitt førehands (pre-emptivt) sensurert frå masterutstillinga som skal opnast på Bergen Kunsthall denne våren. I tillegg blir studenten, som allereie har gitt grundig informasjon om verket, signert av sin vegleiar, fråteken denne samme vegleiareren like før innlevering av masterteksta si. Vidare, framgår det av varselet at andre fagleg ansatte er vortne oppmoda om å la vere å snakke med studenten.


UKS er ein interesseorganisasjon som særskilt bryr seg om og arbeider for unge og nyetablerte kunstnarar. Vi ser på dette med stor uro, vi tek til å tenke på kva vilkåra til samtlige studentar på Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst i Bergen er.


Å ekskludere ein student frå å stille på bakgrunn av rykter om at noko ulovlig kan skje, er som henta ut frå ein framtidsdystopi. Arbeidet til instituttet er å bistå i å utdanne nye kunstnarar, ikkje å hindre utviklinga deira.

Vi vonar om og trur det er i instituttet for samtidskunst og i KMDs interesse å utdanne kunstnarar som er kritiske til samfunnet dei lever i og institusjonene som utgjør dette samfunnet. Vona vår er også at dere vil halde fram med å forsvare kunstnerisk ytringsfrihet slik det framgjekk i støtteerklæring til ODEE, datert 27.09.2024, sjølv når det utfordra dykk.

Vi minner om at nokon gongar lyt ein vere prinsipielle, og foretrekke å sparke oppover heller enn å sparke nedover.

Med vennlig hilsen,


Ragnhild Aamås
Styreleder


Johanne Laache
Styremedlem

Unge Kunstneres Samfund (UKS) er en landsdekkende fagorganisasjon for profesjonelle kunstnere og et visningssted for samtidskunst i Oslo. UKS har over 600 medlemmer og er den største fagorganisasjonen tilknyttet Norske Billedkunstnere (NBK). UKS ble stiftet av kunstnere og for kunstnere i 1921, og er fortsatt en vesentlig pådriver for å bedre kunstneres faglige, sosiale, økonomiske og ideelle interesser. Prinsippet som ligger til grunn for UKS' fagpolitiske arbeid er at kunst og kunstnerisk ytringsfrihet er en essensiell grunnstøyle i et demokratisk samfunn.

